

Kan Staten (les: Regjeringa/fylkesmannen) berga Lonena frå utbygging?

Soga om Lonena ser ut til veksa i omfang. Det heile starta med sal frå Wallem til SR-bank og såg ut til å bli ei normal utbyggingssak. I dag er bygda Knarvik i opprør av di ein får ei kjensle av at det viktigaste rekreasjonsområdet vårt ser ut til å vera truga. Politisk er frontane nokolunde klare: Høgresida vernar om den private eigedomsretten, mens venstresida ikkje forstår at ein skal ofra Lonena eller deler av dei for at ein velhavande bank skal realisere fortjeneste ved ei eigedomsinvestering.

Eg forstår det slik at det er ei forståing mellom partane at dersom kommunen gjer løyve til delvis utbygging, så kan kommunen få overta resten av området til ein økonomisk overkommeleg kostnad. Ein god gamaldags hestehandel altså. Ikkje noko vondt sagt om det prinsippet.

Denne veka fekk me vite at Nordhordland har fått status som biosfæreområde. Vert det då mogeleg å forsvare ei utbyggingssak i eit våtmarks- og friluftsområde? Her det freistande å sitera ordfører Jarle Skeidsvoll i Osterøy kommune, leiar for styringsgruppa i biosfæreprosjektet: «Alt handlar om å ta dei gode vala for framtida».

Saka er ute på høyring. Kven vert høyrte? Jo, dei det sjølv tilsynelatande handlar om: Menneska. Naturen elles som vert mest øydelagd, får ikkje uttale seg. Kan ein finna hjelp ein annan plass? Ja, det trur eg. Det finnes statlege føresegrer som kan vera aktuelle. Eg vil peike på to av dei.

- A. «Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging», fastsatt ved kongelig resolusjon av 26. sept. 2014, samt
- B. «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023», fastsatt ved kongelig resolusjon den 14. mai 2019.

Mellom anna i sistnevnde resolusjon står at FN sine 17 berekraftsmål skal leggjast til grunn for planlegginga. Desse måla skal m.a. sikre sosial rettferd og god helse, stoppe klimaendringane og tapet av naturmangfald.

Eg er sjølv ikkje jurist av utdanning, men så langt som eg kan lesa desse resolusjonane, kan det ikkje bli enkelt, om i det heile mogeleg, for Alver kommune å setje i gong ei utbygging i Lonena. Frå ei kjelde har eg fått kunnskap om at i medhald av resolusjonen frå 2014 er prosjekt både i Arna og på Hønefoss blitt stoppa. Resolusjonen frå mai i år, er etter mi meining nokså eintydig på at eit inngrep i Lonena er i strid med all nåtidig miljøvernarbeid. Mengda av fuglar og insekt minkar i eksplosiv fart. Våtmarksområde vert meir og meir lagt i rør. Me kan ikkje fortsetje slik. Snu i tide.

Det er kanskje grunn til å vera varsam optimist for naturframtida i Knarvik (?)